

Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: **24.01.2020, kl. 10:00-15:30**
Møtestad: Nordfjord psykiatrisenter, Nordfjordeid

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Tor Vidar Myklebust	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Randi Aven	Medlem
Mariann Hundsnes	Varamedlem tilsette
Lilliane Rebnord	Varamedlem tilsette
Audun Nedrebø	Observatør

Forfall

Ivar Eriksen, medlem
Ole-Magnus Kapstad, medlem
Lena Thorsnes, medlem

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør psykisk helsevern
Tom Guldhav, direktør kirurgisk klinikk
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Trine Vingsnes, fagdirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Tone Holvik, stadleg leiar Nordfjord sjukehus
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Åslaug Krogsæter, kommunedirektør Stad kommune
Siri Sandvik, varaordførar Stad kommune
Thomas Vingen Vedeld, kommuneoverlege
Trond F. Aarre, avdelingssjef NPS
Arild Nøstdal, seksjonsleiar NPS Rus
Hilde M. Bjørhovde, seksjonsleiar Medisinsk avdeling NSH
Stian Sægrov, ambulansesjef

Sakliste

- 001/2020 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- 002/2020 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 16.12.2019
- 003/2020 Administrerande direktør si orientering
- 004/2020 Rapportering frå verksemda per desember 2019
- 005/2020 Høyring – Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2024
- 006/2020 Høyring – Grimstadutvalgets utredning «Studieplasser i medisin i Norge – Behov, modeller og muligheter»
- 007/2020 Prehospital plan Helse Førde

Saker til orientering:

- 008/2020 Riksrevisjonens forvaltningsrapportar
- 009/2020 Eventuelt
Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, brukarrepresentant, administrasjonen og publikum velkommen til dagens styremøte ved Nordfjord psykiatrisenter.

STYREMØTE STARTA MED ORIENTERING

Stadleg leiar Holvik orienterte om **helsetilboda ved Nordfjord sjukehus**, med tilbakeblikk på prosjektet Framtidas lokalsjukehus frå 2012.

Kommunedirektør Åslaug Krogsæter, varaordførar Siri Sandvik og kommuneoverlege Thomas Vinge Vedeld orienterte om **nye Stad kommune**.

Samfunnsmålet er "*Stad kommune er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag*"

Styret takka for ei interessant orientering om nye Stad kommune.

FAGLEG ORIENTERING

Avdelingssjef Aarre, seksjonsleiar Nøstdal og seksjonsleiar Bjørhovde orienterte om **Rusposten i Nordfjord**

Akuttinnleggingar i Helse Førde fordelt etter DPS område 2013-2019 har vist tydeleg reduksjon.

Pasientløype for akutt døgnbehandling av alkoholavhengnad vert oppstarta 27. januar. Helse Vest har peika ut medisinsk avdeling ved Nordfjord sjukehus og døgnbehandling Nordfjord psykiatrisenter til deltaking i denne oppstartinga.

Kva er tendensen med behandlingsforløp innan rusbehandlinga?
Døgnbehandlingstida er blitt redusert over tid.

Statisk ramme eller individuelt tilpassa behandling?

Vegvalg 1: Organisering

1. Korte ventetider, nær og tilgjengelege tenester
2. Få avviste tilvisingar
3. Ikkje siling av pasientar ut frå målgruppe
4. Fasefritt – eitt behandlingsteam i heile løypa
5. Nær og forpliktande samhandling

Vegvalg 2: Makt og avmakt

1. Likeverdig og respektfullt samarbeid
2. Reell medverknad (ml.a. i Idesmia)
3. Få restriksjonar (t.d. husreglane)
4. Tillit framfor kontroll

Vegvalg 3: Kamp mot stigatisering

1. Pasientar skal ikkje oppleve å bli stigmatiserte av oss
2. Individuell framfor standardisert behandling
3. Likeverdig møte mellom menneske
4. Unngå moralisme, arbeide med eigne handlingar
5. Kultur for etisk diskusjon og refleksjon

Styret takka for ei interessant orientering, med pespektiv for rusbehandlinga framover.

001/2020 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden.

Styremedlemmer Eriksen, Kapstad og Thorsnes hadde meldt forfall. Varamedlemmer Marianne Hundsnes og Lilliane Rebnord var innkalla.

Nye dokument utdelt/lagt på bordet:

- Protokoll frå drøftingsmøte 22.01.2020 vedr. utkast til høyringsinnspel knytt til regional plan for kvalitet og pasienttryggleik
- Protokoll frå drøftingsmøte 22.01.2020 vedr. utkast til høyringssvar til Grimstadutvalet sin innstilling til legeutdanning
- Protokoll frå drøftingsmøte 22.01.2020 vedr. utkast til Prehospital plan for Helse Førde
- Nye Førde sjukehus – månadsrapport 2019-12

- Årleg melding 2019 for Helse Førde HF - oppdatert

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

002/2020 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 16.12.2019

Styremedlem Sandal hadde merknad til protokoll for styremøte 16.12.2019, sak 103/2019 "Budsjett 2020 – Helse Førde HF".

Side 9, ny tekst før "Framlegg til vedtak":

"Det kom merknad til framstillinga om avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma."

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokoll frå styremøte 16.12.2019, med ovannemnde retting side 9.

003/2020 Administrerande direktør si orientering

Administrerande direktør Varden innleia orienteringa om nytt punkt 6 Diverse økonomi.

- 1. Rapportering tilsynssaker**
- 2. Oversikt aktuelle høyringar**
- 3. Saker til oppfølging etter styremøte**
- 4. Nye Førde sjukehus – månadsrapport 2019-12**
 - Bilde frå synfaring Dagabygget (nybygg phv) 23. januar
 - Delprosjekt Dagabygget
 - Anskaffing av entreprenør til Livabygget (nybygg somatikk)
 - Plan for oppstart med Veidekke
 - Plan for saker inn mot styret 23. mars og 28. mai

Styret stilte spørsmål til risiko i tabell side 4, og til H1 skade side 8.

5. Nye varslingsrutinar i Helse Vest

HR-direktør Skjelten orienterte om reviderte varslingsrutinar i Helse Vest.

Endringane skal bidra til eit tydelegare og meir føreseieleg regelverk. Målet er å styrke varslarens situasjon, og i tillegg å gjere det enklare for verksemda å handtere varsling på ein god måte.

6. Diverse økonomi

Økonomidirektør Helleseeth orienterte om:

NOU 2019: 24 Inntektsfordeling mellom regionale helseforetak (Magnussenutvalet)

Om vi brukar 100 kroner på ein gjennomsnittleg innbyggjar i landet, brukar vi i dag 90,48 kroner på ein innbyggjar i Helse Vest. Etter framlegg frå utvalet skal vi auke til 91,72 kroner på ein innbyggjar i Helse Vest.

- Opp behov prehospitale tenester
- Ned kostnadskomponent, omlegging av kapitalfinansiering

Høyringsfrist er 17. mars 2020. Uttale frå Helse Førde vert utdelt i styremøte 23. mars 2020.

Avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma (ABE-reforma)

For Helse Førde vil effekten av ABE-reforma i 2020 vere eit trekk i inntektene på 20 mill. kr.

Tilbakeførsle for m.a. å auke evna til investering

For 2020 vil Helse Førde få tilført 16 mill. kr for m.a. å auke evna til investering.

LIBRA

Programstyret vedtok 20 januar at produksjonssetting av Helse Førde og Helse Vest IKT som var planlagt til 30.03.2020, vert utsett til 01.12.2020. Årsaka er at det i Helse Vest pågår svært mange parallelle aktivitetar i program LIBRA.

Langtidsbudsjett – prosess og rammer

Frist for levering til Helse Vest er 8. mai 2020. Styret i Helse Førde vil handsame langtidsbudsjettet 28. mai 2020. Årleg vekst for Helse Førde er 0,04 prosent, som i realiteten er null vekst.

Styret kommenterte at 0-vekst i budsjettet vil bli svært krevjande for Helse Førde. Styret si behandling av budsjettet skal vere reell. Førebels langtidsbudsjett kan bli sendt til Helse Vest innan fristen 8. mai, og då med forbehold om styret si behandling.

Lukka del:

Helseforetakslova §26 a

7. Juridisk sak - orientering

Adm. direktør Varden orienterte om ei juridisk sak og to saker som gjeld personalforvaltning.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

Open del:

004/2020 Rapportering frå verksemda per desember 2019

Oppsummering:

Adm. direktør Varden innleia rapporteringa med si vurdering og fortalde at endeleg stenging av rekneskapet skjer den 31. januar. Varden understreka at rekneskapstala difor er mellombels.

Fag og kvalitet:

- Føretaket har fortsatt ei god utvikling i høve ventetid.
- Fleirtalet av dei polikliniske fagområda når også i desember måla som er sett om ventetider og 0 fristbrot.
- Tal fristbrot er no lågare enn tidlegare i 2019, men vi vil også uendra halde fokus på denne utviklinga

Økonomi og aktivitet:

Drifta i desember viser eit resultat på 5,2 millionar, som er 2,2 millionar betre enn budsjett. Inntektene er 4,2 millionar høgare enn budsjett, medan driftskostnadene hadde eit meirforbruk på 2,3 millionar. Finans bidreg positivt med 0,3 millionar.

Aktiviteten i perioden var lågare enn budsjett for psykisk helsevern og for somatikk (-44 DRG poeng). Innafor dei somatiske klinikkane var aktiviteten høgare enn budsjett for medisinsk klinikk, medan kirurgisk klinikk var bak budsjett.

HMS:

Innan HMS er det ei negativ utvikling for sjukefråværet. Samla sjukefråvær i Helse Førde var i november 6,7 prosent. Dette er 0,7 prosentpoeng høgare enn oktober og 1 prosentpoeng høgare enn same periode i fjor.

Fagdirektør Vingsnes orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik

- Synergi – melde saker fordelt på sakstypar
- Synergi – med og utan konsekvens
- Trygg pleie – fallrisiko
- Trygg pleie – risiko for trykksår
- Trygg pleie – ernæring
- Akuttmottak: Triagetid
- Tid i minutt for oppstart av antibiotika
- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp start i perioden
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt
- Utvikling gjennomsnittleg ventetid
- Fristbrot
- Beleggsrapport
- Utsending av epikrise

Styret stilte spørsmål om kor lang saksbehandlingstid vi har på synergi-sakene?

Økonomidirektør Helleseeth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Resultatet for desember 2019 viser eit overskot på 5,2 millionar kroner, som er 2,2 millionar betre enn budsjett. Inntektene er 4,2 millionar høgare enn budsjett. Det er mindre forbruk til kjøp av helsetenester og andre driftskostnader.

Brutto månadsverk i perioden var 2294, som er 63 fleire enn same periode i fjor. Netto månadsverk var 2149, som er 62 fleire enn same periode i fjor. Sjukefråvær i november var 6,7 prosent.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per desember 2019 til vitende.

005/2020 Høyring – Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2024

Oppsummering:

Helse Vest har sendt framlegg til «Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2024» på høyring. Måla med planen er å redusere pasientskader, byggje varige strukturar for pasienttryggleik og forbetre pasienttryggleikskulturen i helsetenesta.

Planen løftar fram fem tiltaksområde som er naudsynte for å nå måla:

1. Standardisering
2. Kompetanse og kultur
3. Teknologi
4. Måling monitorering
5. Organisering

Vidare arbeid med kvalitet og pasienttryggleik vil vere høgt prioritert i Helse Førde. Planen legg opp til omfattande tiltak, som vil krevje prioritering. Leiarane i heile organisasjonsn må vere pådrivarar for å gjennomføre tiltaksområda innan sitt ansvarsområde.

Helse Førde har utarbeidd framlegg til høyringssvar som vert framlagt for styret.

Fagdirektør Vingsnes orienterte om prosessen og høyringsutkast til regional plan for kvalitet og pasienttryggleik.

Styret kommenterte at:

- *Helse Vest og føretaka bør forsterke satsinga på å ta tak i uønska variasjon. Regionen omtalar og forpliktar seg i plans form til å jobbe med uønska variasjon.*
- *Føretaka vil måtte ta hensyn til kostnadane, og at dette vil kunne begrense gjennomføringsevna – tross at tiltaka er svært gode.*

Framlegg til vedtak:

Styret sluttar seg til framlegg til Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2024, med dei kommentarar som ligg i utkast til høyringssvar frå Helse Førde HF

Styret hadde følgjande tillegg: «og kom fram i møte»

Votering:

Adm. direktør sitt framlegg til vedtak, med styret sitt tillegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

Styret sluttar seg til framlegg til Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2024, med dei kommentarar som ligg i utkast til høyrings svar frå Helse Førde HF og kom fram i møte.

006/2020 Høyring – Grimstadutvalgets utredning "Studieplasser i medisin i Norge – Behov, modeller og muligheter"

Oppsummering:

Eit utval nedsett av Kunnskapsdepartementet har utarbeidd rapporten «Studieplasser i Norge – Behov, modeller og muligheter». Grimstadutvalet har skissert 19 tilrådingar til følgjande område:

- Utdanningskapasitet
- Studiemodellar
- Samarbeid om medisinutdanning i Stavanger
- Norske medisinstudentar i utlandet
- Rammesvilkår for praksisstudier

Utvalet har vurdert og gitt tilrådingar om korleis Noreg best kan dekke utdanningsbehovet i åra framover, inkludert korleis legane i større grad kan få utdanning her i landet. Utvalet har også vurdert kor vidt fleire universitet bør få ansvar for heile legeutdanninga, dvs. rett til å skrive ut graden. Stavanger universitetssjukehus og Universitet i Stavanger si rolle i utdanninga er særskilt vurdert.

Helse Førde har utarbeidd høyringsutkast som støttar hovudtrekka i utvalet sine tilrådingar. I høyringsuttalen har vi kommentert nokre av tilrådingane særskilt, m.a. der utvalet er delt.

Fagdirektør Vingsnes orienterte om høyring av Grimstadutvalet si utgreiing.

Styret slutta seg til høyringa. Det er viktig å auke opp utdanningskapasiteten og nytte utdanningspotensialet som ligg i helseføretaka, samt styrke kompetanse og rekruttering i heile regionen, slik fleircampusmodellen «Vestlandslegen» legg opp til.

Vedtak (samrøystes):

Styret ber administrerende direktør sende høyrings svar i tråd med saksframlegget og dei innspela styret gav i møtet.

Oppsummering:

Styret i Helse Førde gjorde 18.11.2016 vedtak om strukturen for bil og båtambulansetenesta i område sør, og initierte samstundes arbeidet med ein samla plan for dei prehospitala tenestene i føretaket. Arbeidet vart organisert i tre fasar:

- Fase 1: Etablere prosjekt, forankring internt og eksternt. Avklare prinsipp, premissar og rammevilkår. Forankring / høyring
- Fase 2: Detaljering av modellar
- Fase 3: Implementering av vald modell

Mandat for fase 2 vart vedteke i styremøte 28.10.2018. Styret vedtok i styremøte 26.09.2019 å sende prosjektrapporten for fase 2 ut på høyring. Planutkastet har i alt 41 tiltakspunkt fordelt på desse hovudområda:

- 1) Styringsdata
- 2) Teknologi og innovative løysingar i prehospitala tenester
- 3) Bemanningsmodell i bil- og båtambulansetenesta
- 4) Kompetanseutvikling
- 5) Samhandling mellom dei prehospitala og hospitale tenestene i Helse Førde
- 6) Samhandling mellom helseføretak og kommunar for dei prehospitala tenestene
- 7) Struktur og organisering for bil- og båtambulansetenesta

For dei 41 tiltakspunkta, så er det mange og klare innvendingar knytt til dei fire siste tiltaka. Dei handlar om strukturendringar knytt til Ytre Bremanger, Lavik, Luster og båtambulanse. I tillegg til at Aurland krev ambulanse, og at ordføraren i Balestrand har signalisert at dei ønskjer ambulansen attende.

Styrelciar Landstad innleia om prehospital plan, som er eit grundig plandokument basert på eit systematisk arbeid med kunnskapsgrunnlaget og ein omfattande prosess med brei medverknad.

Adm. direktør Varden orienterte om prosessen med prehospital plan og framlegg til vedtak.

Kvifor skal vi ha ein prehospital plan?

- Kompetansekrav i akuttmedisinforskrifta
- Eit sterkt ønskje om å utvikle tenestetilbodet til innbyggjarane
- Eit behov for å møte tenesteutvikling i helsetenesta elles
- Auka samhandling med andre aktørar
- Demografi
- Mellombelse arbeidsavtale med tilsetteorganisasjonar
- Pålegg frå arbeidstilsynet på stasjonstilhøve
- Avgrensa økonomisk ramme

Nærare om Lavik, Ytre Bremanger, Luster og båtambulanse vart presentert. Andre strukturelle spørsmål vart også skissert.

Vi må følgje utviklinga når det gjeld responstider, samstundeskonfliktar, aktivitetsutvikling, fordeling av oppdrag, kompetanse og andre viktige parameter.

Styret ber om at alle dei tre siste avklaringane (Hornindal, Lavik og Ytre Bremanger) kjem tilbake til styret for vedtak. Punkta i vedtak i 1, 2 og 4 må sjåast i samanheng.

Framlegg til vedtak:

Plan for prehospital tenester blir vedteken med desse presiseringane:

1. Endringane som gjeld døgnbil i Lavik skal utgreiast vidare, og det skal vurderast alternative modellar. Kommunar, tilsetteorganisasjonar og verneteneste skal takast med i prosessen. Saka vert lagt fram for styret til endeleg avgjerd.
2. Administrerande direktør får i oppdrag å arbeide vidare med omgjering av døgnbil i Ytre Bremanger til einmannsbetent ambulanseressurs, alternativt redusere til ein ambulans i Bremanger kommune. Kommunar, tilsetteorganisasjonar og verneteneste skal takast med i prosessen. Saka vert lagt fram for styret til endeleg avgjerd.
3. Det skal gjennomførast ein prøveperiode på tolv månader med flytting av dagbil frå Luster til Sogndal, slik det er omtala i sakstilfanget. Vedtak om endeleg flytting etter prøveperioden ligg til administrerande direktør.
4. Styret ber administrerande direktør vurdere konsekvensar for dei prehospital tenestene ved at Hornindal kommune er slegen saman med Volda kommune, og ikkje lenger er i Helse Førde sitt ansvarsområde.
5. Dei andre endringane i tilrådingpunkta, jamfør saksutgreiinga, vert tekne til orientering og ligg til administrerande direktør å følgje opp.
6. Styret ber om å få framlagt mandat for fase 3 til styremøtet i mars, saman med eit første utkast til innføringsplan. Utsetting av tiltaka i punkt 1 og 2 må sjåast i samanheng med gjennomføring av dei andre tiltakspunkta. Det skal leggjast vekt på ei innføringsrekkefølge som ikkje utfordrar budsjettmålet.
7. Prehospital plan er ein del av utviklingsplanen til Helse Førde. Den skal evaluerast og rullerast i samsvar med den.

Endringsframlegg frå styremedlem Sandal, nytt punkt 4:

«Det blir gjennomført ei vurdering av kva for konsekvensar det vil ha for dei prehospital tenestene at Hornindal kommune er slegen saman med Volda kommune og ikkje lenger er Helse Førde sitt ansvarsområde. Saka blir lagt fram for styret til endeleg avgjerd.»

Endringsframlegg frå styreleiar Landstad om å dele punkt 6 i 2 punkt , til punkt 6 og 7.

6. Utsetting av tiltaka i punkt 1, 2 og 4 må sjåast i samanheng med gjennomføring av dei andre tiltakspunkta. Det skal leggjast vekt på ei innføringsrekkefølge som ikkje utfordrar budsjettmålet.
7. Styret ber om å få framlagt mandat for fase 3 til styremøtet i mars saman med eit første utkast til innføringsplan.

Nestleiar Faugstad kom med nytt avsnitt i innleiinga av vedtaket:

«Styret er godt nøgd med prosessen og saksgrunnlaget som ligg føre.»

Votering:

Adm. direktør sitt framlegg til vedtak, med ny innleiing, nytt punkt 4, og retting punkt 6 og 7 vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

Styret er godt nøgd med prosessen og saksgrunnlaget som ligg føre.

Plan for prehospital tenester blir vedteken med desse presiseringane:

1. Endringane som gjeld døgnbilen i Lavik skal utgreiast vidare, og det skal vurderast alternative modellar. Kommunar, tilsetteorganisasjonar og verneteneste skal takast med i prosessen. Saka vert lagt fram for styret til endeleg avgjerd.
2. Administrerande direktør får i oppdrag å arbeide vidare med omgjering av døgnbil i Ytre Bremanger til einmannsbetent ambulanseressurs, alternativt redusere til ein ambulanse i Bremanger kommune. Kommunar, tilsetteorganisasjonar og verneteneste skal takast med i prosessen. Saka vert lagt fram for styret til endeleg avgjerd.
3. Det skal gjennomførast ein prøveperiode på tolv månader med flytting av dagbil frå Luster til Sogndal, slik det er omtala i sakstilfanget. Vedtak om endeleg flytting etter prøveperioden ligg til administrerande direktør.
4. Det blir gjennomført ei vurdering av kva for konsekvensar det vil ha for dei prehospital tenestene at Hornindal kommune er slegen saman med Volda kommune og ikkje lenger er Helse Førde sitt ansvarsområde. Saka blir lagt fram for styret til endeleg avgjerd.
5. Dei andre endringane i tilrådingpunkta, jamfør saksutgreiinga, vert tekne til orientering og ligg til administrerande direktør å følgje opp.
6. Utsetting av tiltaka i punkt 1, 2 og 4 må sjåast i samanheng med gjennomføring av dei andre tiltakspunkta. Det skal leggjast vekt på ei innføringsrekkefølge som ikkje utfordrar budsjettmålet.
7. Styret ber om å få framlagt mandat for fase 3 til styremøtet i mars, saman med eit første utkast til innføringsplan.
8. Prehospital plan er ein del av utviklingsplanen til Helse Førde. Den skal evaluerast og rullerast i samsvar med den.

Saker til orientering:

008/2020 Riksrevisjonens forvaltningsrapportar

Oppsummering:

Sentrale funn frå undersøkinga til Riksrevisjonen om bemanningsutfordringar i helseføretaka viser at dei regionale helseføretaka og helseføretaka ikkje legg godt nok til rette for å sikre rekruttering av sjukepleiarar, jordmødrer og spesialsjukepleiarar. Helseføretaka legg heller ikkje til rette for å mobilisere og rekruttere desse yrkesgruppene.

Riksrevisjonens undersøking av årsaker til variasjon i forbruk av helsetenester viser at det er uønska variasjon i forbruk av ei rekke spesialisthelsetenester mellom opptaksområda til helseføretaka. Dette skuldast mellom anna at legane gjer systematisk ulike vurderingar av like tilstander, samt at det er ulik kapasitet til utgreiing og behandling mellom dei ulike opptaksområda.

Både undersøkinga om bemanningsutfordringar og undersøkinga av årsaker til variasjon i forbruk av helsetenester, viser at det er viktig at det blir lagt til rette for forbetningsarbeid for å få til ønska resultat.

Adm. direktør Varden orienterte om riksrevisjonen sine forvaltningsrapportar.

HR-direktør Skjelten orienterte om bemanningsutfordringar, herunder stillingsstorleik og tiltak rekrutteringsstrategi i Helse Førde.

Fagdirektør Vingsnes orienterte om uønska variasjon i forbruksratar – status i Helse Førde.

- *Vi og Helse Vest vurderer helseatlas og andre data for forbruksratar:*
 - *Pågår eigen gjennomgang i høve Høie si liste over 17 kirurgiske inngrep ein bør slutte med eller gjere mindre av*
 - *Pågår fagrevisjon i Helse Vest for kne-protese operasjon for artrose (slitasjegikt)*
- *Kan vere vanskeleg å nytte fleire år gamle data*

Vedtak (samrøystes):

Styret tar til orientering rapportane frå Riksrevisjonen om bemanningsutfordringar i helseføretaka og årsaker til variasjon i forbruk av helsetenester.

009/2020 Eventuelt

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og melding vart lagt på bordet i møte:

- Protokoll frå drøftingsmøte 22.01.2020 vedr. utkast til høyringsinnspel knytt til regional plan for kvalitet og pasienttryggleik
- Protokoll frå drøftingsmøte 22.01.2020 vedr. utkast til høyringssvar til Grimstadutvalet sin innstilling til legeutdanning
- Protokoll frå drøftingsmøte 22.01.2020 vedr. utkast til Prehospital plan for Helse Førde
- Nye Førde sjukehus – månadsrapport 2019-12
- Årleg melding 2019 for Helse Førde HF – oppdatert

Ref. Berit Irene Haarklau

Agnes Landstad
Styreleiar

Anne Sissel Faugstad
Nestleiar

Aud Ingrid Espeland

Reidar Sandal

Ole Gunnar Krakhellen

Tor Vidar Myklebust

Ivar Eriksen
(sett)

Arthur Norevik

Randi Aven

Mariann Hundsnes
Varamedlem tilsette

Lilliane Rebnord
Varamedlem tilsette